

Norges
vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
201203894				B.Ka/J.lau	26.09.2014

Høyringssvar frå Sunnfjord Energi AS – Endringer vedrørande kryssubsidiering

Sunnfjord Energi AS legg med dette fram sitt høyringssvar til rapporten.

Bakgrunnen for NVE sitt forslag til endringar i forskrifta er å motverke kryssubsidiering mellom nettverksemda og anna verksemder. Forslaget til endring omhandlar konsernselskap og verksemdområde i integrerte selskap.

Føremålet er at nettkundar ikkje skal betale meir enn nødvendig for sine tenester.

Forslaget til forskrift går langt vidare enn Reiten rapporten

Vi registrerer at denne høyringa stiller strengare krav enn det som er omtalt i Reiten-rapporten. I Reiten-rapporten er det omtalt unntak for kjøp av administrative tenester i konsern. Slike tenester er ofte lagt til eit morselskap av praktiske og kostnadssparande årsaker, og det vil ikkje vere gunstig å konkurranseutsette desse. Funksjonar som HMS, samband, IT, byggdrift og økonomi er kostbare funksjonar som eit energikonsern har fordeler med å kunne dele kostnaden på.

Dette er ikkje med i NVE sitt høyringsforslag. Punktet bør absolutt takast inn i kontrollforskriften, i alle tilfelle for ein overgangsperiode.

Kravet til konkurranse

Dersom kjøp i konsern skal skje etter konkurranse, er vårt syn at det ikkje må utløyse unødig mykje byråkrati og tidsbruk. Vi er redd for at dette kan bety auka kostnader for nettselskapet snarare enn at ein sparar kostnader.

I mange tilfelle trur vi at gevinsten ved konkurranse vil vere mindre enn kostnadene ved å gjennomføre konkuransen. Vi meiner at eit krav om at transaksjonar skal skje til marknadsvilkår vil vere betre eigna til å minimere nettkundane sin kostnad. Vi trur at alle nettselskap legg vurderingar bak dei innkjøpa dei gjer. Dersom NVE krev innsyn i desse vurderingane gjennom auka kontroll, vil ein kunne unngå at alle kjøp gjort i konsern må gjennom ein dyr innkjøpsprosess.

Forskrifta legg til grunn at det vil vere eit «snevert unntak» for bruk av konkurranse. Truleg vil mange nettselskap sjå seg nøydd til å bruke unntaket, og dermed bli avkrevd fyldig dokumentasjon på at transaksjonar skjer til markedet sine prisar.

Sunnfjord Energi meiner at unntak for konkurranser må spesifiserast meir i den endelege forskrifta. Det er i høyringsutkastet nemnt driftssentral, administrative tenester m.v. Dette er moment som må fram i klartekst i den endelege forskrifta. I utkastet til forskrift brukar NVE begrepet «så langt som mulig», noko som i andre samanhengar kan tolkast som at det omfattar alt.

Interne transaksjonar mellom verksemdområde i integrerte selskap

NVE legg opp til at interne transaksjonar mellom verksemdområde ikkje lenger skal skje til marknadsvilkår, men utifrå den reelle bruken av ressursar. Det blir også foreslått at ved bruk av felles anleggsmidlar, skal kostnadene fordelast forholds messig etter reell bruk.

Vi støttar dette forslaget og meiner det vil gi ei rettvise fordeling av ressursar ein har til rådvelde.

Mvh Sunnfjord Energi Nett


Oddvar Hatlem

-nettsjef-


Jørn Laukeland

-siv.øk-